



## Notat

Dato: 19.06.2014  
Arkivsak: 2014/577-12  
Saksbehandlar: bjamolv

---

<b>Til:</b>	Fylkeskassen v/Arild Pettersen
<b>Frå:</b>	Bjarte Molvik

---

### Regnskapsavslutning prosjekt nr. 06001 - Olsvikåsen vgs. - nybygg

<b>Brutto rekneskap:</b>	<b>134 333 496,05</b>	<b>Brutto budsjett :</b>	<b>133 500 000,-</b>
<b>Netto rekneskap:</b>	<b>128 833 496,05</b>	<b>Netto budsjett:</b>	<b>130 000 000,-</b>

<b>Løyving 1997 -</b>	<b>2 000 000,-</b>	
<b>Løyving 1998 -</b>	<b>4.000 000,-</b>	
<b>Løyving 2004 -</b>	<b>20.000 000,-</b>	
<b>Løyving 2005 -</b>	<b>60.000 000,-</b>	
<b>Løyving 2006 -</b>	<b>44.000 000,-</b>	
<b>Løyving 2006 -</b>	<b>3 500 000,-</b>	<b>(statstilskot)</b>

Fylkestinget godkjente i møte 11.06.03, sak 39 forprosjekt for Olsvikåsen vgs med kostnadsramme på kr 144 00 000,-.

Etter at anbod var innhenta på prosjektet viste det seg at kostnaden vart lavare enn kalkulert i forprosjektet. Kostnadsramma vart etter dette nedjustert til kr 131 000 000.

#### [I sak 52/05 vart det vidare gjort følgjande vedtak](#)

«Fylkestinget godkjenner at Olsvikåsen vg skole vert utvida med scenetilbygg. Kostnadsramma vert utvida frå kr 131,0 mill. til kr 133,5 mill.»

Begge dei ovannemnde forholda er kommentert i budsjett/økonomiplan vedtaket for periode 2006-2009. Her er og forholdet mellom budsjetterte spelemidlar på 3,5 million kroner og budsjetterte lånemidlar på 130 million kroner kommentert.

#### **Kommentar:**

Byggearbeida starta seinhaustes 2004. Skulen vart teken i bruk til skulestart 2006. Årsaka til at prosjektet ikkje er rekneskapsmessig avslutta før er at ein har venta på spelemidlar, og det har vore noko uvisse knytt til om ein ville få fullt tilskot, på 5,5 million kroner. Siste del av desse pengane vart imidlertid utbetalt i år (2014) og prosjektet vert no avslutta.

Generelt i forhold til prosjektet gjeld at det seint i byggefasen vart det beslutta at Olsvikåsen vgs skulle verta ein såkalla fulldigitalisert skule, den første i sitt slag i fylkeskommunen. Det måtte gjerast ein del tilpassingar og suppleringar i prosjektet for å imøtekoma ei rekkje nye krav til teknologiske løysingar som følgje av dette.

Skulen ligg avskjerma til, utan særleg innsyn frå nabolaget. Då ein vart kjent med at det i området var problem med uønskt aktivitet på kvelds- og nattetid vart det beslutta å installera eit overvåkingsanlegg for utomhusanlegga ved skulen, som eit preventivt tiltak. Overvåkingsanlegget vart bestilt hos Protect AS. Kostnad kr 391 300,-.

I sluttfasen var framdrifta av byggearbeida svært stram, med knappe fristar for ferdigstilling av arbeida. Spesielt stort press vart det på elektroentreprenøren Profitek AS. Dette førte til at entreprenøren sette fram krav om dekking av påberopte tilleggskostnader på om lag kr 1,5 mill. Kravet vart avvist av byggherren. Ein vart til slutt samd om å leggja saka fram for Byggebransjens faglig juridiske råd til avgjerd. Resultatet vart at entreprenøren fekk godkjent deler av tilleggskrav, ca. kr 278 000,- som vedr. bruk av overtid dei 2 siste mndr. før ferdigstilling.

I garantitida på 3 år frå overlevering er nokre av entreprenørane pålagt å utføra ein del reklamasjonsarbeid som låg under deira ansvar.

Det er også utført ein del utbetningsarbeid/etterarbeid som ikkje kan lastast dei utførande, men skuldast dårlege/feile løysingar frå dei prosjekterande. Dette gjeld:

- Støyproblem frå ventilasjonsanlegget i ein del rom i sørfløy.  
Utbetringskostnad ca. kr 390 000,-.  
Utført av Gunnar Karlsen A/S og Bergen Prosjekt A/S.
- Lekkasje i det øvre garasjedekket.  
Utbetringskostnad ca. kr 70 000,-.  
Utført av Skanska AS
- Utskifting av brannvarslingsanlegg i garasje, som følgje av lekkasjane i øvre dekke.  
Kostnad ca. kr 85 000,-.  
Utført av Profitek AS
- Utbetring av utvendige benker og plattingar av eikeplank.  
Kostnad ca. kr 53 000,-.  
Utført av Leigland Bygg AS

I tillegg er det utført ein del mindre utbetningsarbeid og suppleringsiltak på bygget. Ein finn vidare grunn til å opplyse at det etter at bygget vart overtatt er blitt avdekt store avvik knytt til det elektriske anlegget. Selskapet som hadde den kontrakten er gått konkurs. Kostnadar knytt til utbetring av dette er delvis finansiert gjennom eigne løyvingar i investeringsrekneskapen og delvis som kostnader i driftsrekneskapen.

Samla har prosjektet med dette både høgare kostnadar og høgare inntekter enn budsjettert, og netto får ein eit mindreforbruk på om lag 1,15 million kroner.

Helge Haavardtun  
eigedomssjef

Bjarte Molvik  
seniorrådgjevar

Vedlegg:       Rekneskapsrapporter